

Eidsvik & Selstad Eigedom AS
Børnes 4
5463 Uskedalen

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal
Att. Byggesak / Forvaltningsutvalet

Uskedalen 18.05.2022.

Kommentar til innspel frå nabo – 134/85 – Uskedalen.

Saksbehandler: Natalie Martins Sæberg Deres ref 2022/1032 – 21 Brev av 09.05.2022.

Førebels svar i klagesak – 134/85 – Uskedalen

I brevet ber kommunen om at vi kjem med eventuelle nye suppleringar seinast 13 mai.

Viser til våre kommentarer til møtereferat av 5 mai (og seinare retting til møtereferat) sendt i e-post med brev og vedlegg 13.05.22.

Vi ser av postlista under saksnr. 2022/1032 at det er registrert «Innspel til klagesak» sendt inn av Liv Astrid Myhre, fredag 13.05.22. kl. 14:40:01.

For god ordens skuld legg vi til grunn at ovannemde «Innspel til klagesaka» ikkje vert teke omsyn til, som ein del av saksførebuingane til Forvaltningsutvals møte 1 juni.

Basert på «Førebels svar i klagesak – 134/85 Uskedalen, Deres ref 2022/1032-21, av 09.05.2022., legg vi til grunn at det er klagar og tiltakshavar, som part i saka, og som er bedt om å koma med supplerande opplysningar seinast 13 mai.

Liv Astrid Myhre var ein av dei som 05.01.21. sende klage/etterspurde dette med knusing og henviste til Forureiningsforskrifta kap.30. Klagen er avvist av Kvinnherad kommune ved Hilde Kjelstrup (vår ref. 2019/3169-33) dato 04.03.21.

Avslutningsvis i brev om avvisning av klage står det:

«Vår vurdering er at ut frå avstand frå tiltaket til dykkar eigedomar har ikkje dykkar interesser tilstrekkeleg art og styrke til at de har rettsleg klageinteresse. Tiltaket skal følgje reglane i forureiningsforskrifta kap. 30 og Statsforvaltaren i Vestland har vurdert meldeskjema om tiltaket opp mot reglane. Dei viser til tiltak som skal setjast i verk i tillegg til å krevje støymåling dersom avstanden blir mindre enn 200 meter mellom nabo og knusing. Vi ser ikkje at dykkar eigedomar har tilstrekkeleg interesse til å få klagen vurdert.

Vilkår for å behandle klagen er ikkje oppfylt, og klagen blir difor avvist.

Vedtak:

Klage på vedtak om steinknusing på gnr/bnr 134/85 vert avvist, jf. fvl. § 33 annet ledd.»

Avslutningsvis vil vi nemna at dei punkt Liv Astrid Myhre nemner i sitt innspel om støy og støv er godt ivareteke og ligg innanfor lovfesta grenseverdiar med god margin.

Våre planar for utbygging av næringsarealet er meddelt Kvinnherad kommune tidlegare, og meir detaljert i våre kommentarer sendt pr. e-post 13.05.22.

Med Venleg helsing
Eidsvik & Selstad Eigedom AS

Svein Arne Eidsvik

Svein Arne Eidsvik
Tlf 90160858

3 vedlegg.